Statens vegvesen

Voss kommune
Postboks 145
5701 VOSS

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Hilde Gunn Stenseth / 56520207 | 15/228232-4 | 15/02098-8 | 10.11.2016 |

## Statens vegvesen sin uttale - Dispensasjon for å behalde avkøyrsel, Nyrefeltet - avkøyrsle til gnr. 196 bnr. 174

Viser til oversending frå dykk. Viser også til tidlegare synfaring vedkomande denne saka.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. I dette tilfellet er det fylkesveg (Fv.) 311 Gjernesvegen som er av interesse for oss. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Tiltak knytt til Fv. 311 som det no vert søkt om, vart drøfta på synfaringa nemnt over. Statens vegvesen og tiltakshavar vart då einige om at føreslegne tiltak med å flytta bom og behalda eksisterande avkøyrsle til fylkesvegen var greitt under føresetnad av at avkøyrsla berre skulle gjelda for bustaden på gnr. 196 bnr. 174. Me vart også einige om at det ville vera fornuftig å forlengja fortauet.

Statens vegvesen har ingen merknadar til at Voss kommune eventuelt gjev dispensasjon frå gjeldande plan i området.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Stenseth Hilde Gunn
Senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN